

Oppdragsgiver: **Statens vegvesen**
 Oppdragsnr.: **5205829** Dokumentnr.: **N099**

Til: SVV
 Frå: NO
 Dato: 2024-09-27

► Endringar i planforslag frå 1. til 2. gangs høyring. E134 Ølen–Mørkeli

Reguleringsplanen for utbetra E134 mellom Ølen og Mørkeli var ute på høyring og offentlig ettersyn i perioden 13. november 2023 til 2. januar 2024. Sidan det er gjort fleire justeringar i planforslaget etter høyringa seinhausten 2023, mellom anna som følgje av merknader og motsegner som kom inn, vert planen lagt ut på ny avgrensa høyring og offentlig ettersyn, kor det er endringane i planen som vert høyrte. Når dei innkomne merknadane til det justerte planforslaget er svart ut og eventuelt innarbeidd i planen, blir planforslaget sendt til andregongs handsaming i kommunestyra for endeleg vedtak.

Nedanfor er dei viktigaste endringane i løysingar som er gjort etter den første høyringa lista opp. I tillegg er planskildring, føresegner og fleire av vedlegga oppdatert som følgje av høyringa og endringane som er gjort. Ein viser elles til plandokumenta for fleire detaljar.


1. Utbetra sidegrøft og breiare anleggsbelte ved Dørheim

Mellom profil 100 og 600 er det sett av noko auka breidde både til annan veggrunn og mellombels bygge- og anleggsområde langs nordsida mot Dørheim bustadfelt. Dette er gjort for å setje av tilstrekkeleg areal for utbetring av dagens grøfter. Endringa mogleggjer også enkle støytak og betre plass til anleggsgjennomføringa.




2. Busslommer ved Dørheim

Nye busslommer er nå vist i same område som dagens busslommer ved Dørheim bustadfelt, men med nokre justeringar og oppgradering (austgåande er flytta 40–50 m mot aust). Det er lagt inn fe-undergang mellom lommene som også gir moglegheit for sti/tråkk for gåande mellom busslommene. Utvida skuldrer langs sørsida til første avkøyrse mot aust, og langs nordsida mot vest tilsvarande første høyringsforslag. Tilrettelagt kryssing like aust for austgåande busslomme som alternativ til fe-undergang.




3. Ny landbruksavkøyrsel mot nord ved profil 1130 – tilkomst til gnr/bnr 280/1

Eksisterende avkøyrsel ved profil 950 må stengast med bakgrunn i siktforhold, og ny avkøyrsel er planlagt ved profil 1130 for tilkomst til eigdommen langs nordsida av E134. På denne strekninga er der det planlagt å flate ut vegskråninga slik at ein ikkje treng vegrekkverk.




4. Djup sidegrøft mellom profil 1870–2370

Det er lagt inn djup sidegrøft langs sørsida av vegen på ei lengre strekning, noko som gir ei meir robust handtering av overvatn, betre plass til snøopplag, redusert materialbruk (kummar og leidningar) og dermed mindre trong for vedlikehald. Ei slik grøft gir også betre siktforhold langs vegen og i avkøyrslar, og dermed auka trafikktryggleik. Løysinga gir noko auka arealbruk/grunnerverv og overskotsmassar.




5. Nye bekkestrenger nedstrøms bekk 6 og 7 aust for Hiksdalsvegen (ca. profil 2800–2950)

Nedstrøms vegkryssinga av to bekkar aust for Hiksdalsvegen skal bekkane leggest om for å bøte på redusert bekkeareal der ny veg kryssar bekkane med ei større fylling. Slik kan ein auke bekkearealet med god habitatskvalitet i dagen *nedanfor* ny veg, i staden for kostbare, fiskevennlege kulvertar under ny veg. I tillegg er mellombels bygge- og anleggsområde redusert mest mogleg mellom nytt veganlegg og Oselva på strekninga ca. profil 2700–3170.




6. Bekkeopning ved Oppheim (ca. profil 3180–3280)

Ei bekkelukking ved Oppheim som blei utført nokre år tilbake skal opnast opp att i samband med utbetra E134, slik at fiskevandring igjen vert mogleg. Utviding av E134 vert tatt inn i terreng / mot aust, slik at opning av eksisterande bekkelulvert og fjerning av fylling vert mogleg. Det er planlagt ny mur på strekninga til erstatning for eksisterande mur som er støtta opp av etablert fylling. Ustabil mur skal ha vore årsaka til fyllinga/bekkelukkinga som blei utført i 2019.



7. Stengd avkørsel til eksisterande trafo – ny trafo på vestsida ved stopplomme

Der er ein eksisterande trafo lokalisert på austsida av E134 ved ca. profil 4450, men denne trafoen skal skiftast ut. Trafoen ligg innanfor tryggleikssona til E134, og har eigen avkørsel. Etter avklaringar med netteigar har ein kome fram til at plassering av ny trafo ved stopplomma vest for E134 samla sette er den beste løysinga. Då får ein bort ein avkørsel, og ein kan skjerma eksisterande anlegg/stolpar med voll eller rekkverk. Førebuande arbeider for ny trafo inkludert kabelgrøft/kryssing av veg er planlagt utført som del av vegprosjektet.



8. Avkørsel med bom ved profil 4780

Dagens avkørsel mot vest til eigdommen 20/2 og 20/10 ved ca. profil 4800 vert stengd, og ny vert etablert med bom ved ca. profil 4780. Tilkomst til dagleg vil vera via avkørsel ved profil 4360 og vidare langs postvegen. Planforslaget som var ute på høyring hadde ikkje avkørsel mot vest ved det nye kryssområdet

(profil 4780–4800) i det heile. Ved behov for tømmertransport eller andre større køyretøy til desse eigedommane, vil ein nå kunne opne bommen etter nærare avtalar med vegeigar. Ein avkørsel i eit T-kryss er ikkje i samsvar med vegnormal N100, og forholdet er difor omsøkt og godkjent gjennom søknad om fråvik til Vegdirektoratet.



9. Parallelforskyving av veglinje ca. profil 5300–5900

Mellom anna som følgje av mogleg syredannande potensial i bergskjeringar vest for Hiksalsvegen, har ein ved justeringar av løysingar sett etter grep for å auke fyllingsvolum internt i anlegget, i tillegg til reduksjon av fjellskjering. Ein slik moglegheit har ein på strekninga ca. profil 5300–5900. Her har ein i revidert planforslag parallelforskyve veglinja ca. 10 meter mot vest. Dette gir auka fyllingsvolum, samtidig som skjering på austsida vert lågare og gir redusert uttak av berg i prosjektet. Fyllinga mellom profil 5650 og 5950 er i tillegg utforma slik at det ikkje vert behov for rekkverk, noko som er gunstig for trafikktryggleiken.


Justeringa fører også med seg at ein unngår omlegging av landbruksavkørsel mot aust– berre tilpassing/forbetring av dagens situasjon.



10. Flytta landbruksavkøyrsel og endra geometrisk utforming

Landbruksavkøyrsel ved ca. profil 5650 er flytta til ca. profil 5515, då ein etter justering i veglinja treff eksisterande veghøgder og terreng betre på denne staden. Denne er også nærare eksisterande avkøyrsel.

Hjørneavrunding av desse landbruksavkøyrslane er auka, og dimensjonert for vogntog køyremåte C.



D01	2024-09-27	For godkjenning hjå oppdragsgivar	LRK	JoAar	LRK
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrer Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.